



## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 6. mai 2014 kl. 09.00 – 12.15  
Stad: Rådhuset  
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Anna K. Valle, Rolf Henning Hegland,  
Kåre Østrem – vara for Odd Leif Mjøs (nestleiar)  
Forfall: Unni Andersen Sæbø og Odd Leif Mjøs – 3. vara måtte melde forfall på kort  
varsel  
Innkalla: Fungerande assisterande rådmann Janne Sund til sakene 23/14, 24/14 og 25/14  
og einingsleiar Therese Urdahl Braseth og prosjektleiar Terje Fauske til sak  
24/14.  
Frå revisjonen: Espen Hordvik  
Sekretær: Bent Gunnar Næss

---

### 20/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 21/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

#### Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 25.03.14 vart godkjent.

### 22/14 Skriv og meldingar

- Finansrapport 2013

Assisterande rådmann orienterte om rapporten. Finansreglementet vil bli revidert slik at det vert samsvar med den praksisen som er med omsyn til

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

### 23/14 Rekneskap og årsmelding for 2013

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding og revisjonsuttale  
Økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2013, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok å gi slik uttale til kommunestyret om Lindås kommune sin årsrekneskap for 2013:



Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Lindås kommune for 2013, samt årsmeldinga frå rådmannen, revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov og er klar og oversiktleg.

Kontrollutvalet har nokre kommentarar til rekneskapen og årsmeldinga:

### **Økonomisk resultat**

Netto driftsresultat er pluss 71,0 mill kr, det er 5,7 mill kr lågare enn i 2012, men det er 27,4 mill kr betre enn budsjettet.

Driftsinntektene viser ein auke på 8,0 %, mens driftsutgiftene har ein auke på 10,4 %. Lønnsutgiftene aukar med 4,0 %, noko som er i nærleiken av lønnsauken.

Det er presentert eit korrigert netto driftsresultat og det er redusert med det netto premieavviket som er inntektsført i 2013. For at det skal gi eit riktig bilete meiner kontrollutvalet at det bør vurderast og ta med det premieavviket som er kostnadsført i 2013.

### **Finans**

Netto finanskostnadar er redusert dette året, ved at finansinntektene har auka monaleg. Med aukande lånegjeld må kommunen forvente at finanskostnadene vil auke, det må også takast i betraktning at rentenivået no er lågt.

Kontrollutvalget ser med uro på den økende lånegjelden og ber kommunestyret ta nødvendige grep for å redusere lånegjelden.

### **Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B**

I forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 er det eit krav at vesentleg avvik i utgifter i høve til budsjett skal gjerast greie for.

Samla sett for tenesteområda er der eit mindreforbruk på 7,2 mill kr. Tenesteområda politikk, administrativ styring og sosiale teneste/barnevern eit overforbruk, mens dei andre tenesteområda har eit mindreforbruk. Avvika er gjort greie for.

### **Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B**

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der ein del større avvik i forhold til vedteke budsjett. Det er fleire prosjekt som har fått auka løyving i revidert budsjett der ressursbruken er langt lågare. Totalt er der eit budsjett på 290 mill. kr og eit forbruk på 206 mill. kr. Kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsuavhengig. Dette er presisert i brev 07.04.10 frå Kommunal og regionaldepartementet til NKRF. I brevet står det mellom anna følgjande:

- Investeringsbudsjettet er eittårig, og ikke årsuavhengig.
- Årsbudsjettet er bindende for underordnete organer, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra kommunen eller fylkeskommunen utgifter i budsjettåret. Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstillere lovens krav til balanse, realisme mv.



**Kontrollutvalet ser det som naturleg at dagens praksis vert vurdert opp i mot dei krava som er sett i brevet frå Kommunal og regionaldepartementet, viser til at årets budsjett må vere realistisk med omsyn til forventa framdrift/ressursbruk til prosjekta.**

### **Etikk og likestilling**

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Årsmeldinga gjer greie for arbeidet med likestilling, men kontrollutvalet saknar omtale om arbeidet med etikk.

### **Noter**

I ein førebels standard frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) står det følgjande i KRS nr 6:

*”Noter er opplysninger som skal gis i tillegg til driftsregnskapet, investeringsregnskapet, balansen og økonomiske oversikter. Notene skal gis som en særskilt del av årsregnskapet og bidra til å øke regnskapsbrukerens forståelse og vurdering av regnskapet. Alle noter skal ha klar henvisning til de poster i regnskapet som blir kommentert.”*

Note 3 om pensjon har no blitt enklare, men kunne hatt med nokon sum linjer slik at ein lettare finn dei same tala som er i balansen.

Note 8 – sjølvkost – kontrollutvalet registrerer at fonda på vatn og avløp no er relativt store og dei må nyttast innan 5 år frå dei oppstod.

Kontrollutvalt saknar ein note som omtaler dei forskoteringane som kommunen har gjort med omsyn til beløp og forventa tidspunkt for tilbakebetaling. Det er omtalt under gjeld og utlån, men seier ingenting om forventa tilbakebetaling. Ved å ha det i ein eigen note ville det blitt meir oversikteleg.

### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet vil følgje opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten og har merka seg at kommunen har ein positiv utvikling med omsyn til kartlegging av skriftlege rutinar, men at det framleis gjenstår noko. Det er eit brot med omsyn til finansreglementet og andel lån som har fastrente. Anbefaler at det vert gjort ein endring av finansreglementet slik at det vert samsvar mellom praksis og regelverket. Dette vart også peika på for 2012.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 11.04.2014 og revisjonsrapport datert 28.04.2014, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Lindås kommune for 2013.

## **24/14 Byggerekneskap Seim skule**

Saksvedlegg: Byggerekneskap for Seim skule

Einingsleiar hadde ein gjennomgang av prosjektet.



Kommunestyret løyvde 17.11.11 – sak 169/11 - 92 mill. kr i tillegg var der 250.000 frå 2008 slik at ein har rekna med ei ramme på 92,25 mill kr til bygging av Seim skule. I tillegg har ein mottat privat gåve slik at total ramme for prosjektet har vore 92,8 mill kr inkl mva.

Prosjektet viser totalt eit forbruk på 88,0 mill kr, det gir eit mindreforbruk på 4,8 mill kr. Mindreforbruket vart forklart.

Kontrollutvalet ser det som positivt at ein har halde seg innafør det vedtekne budsjettet og har eit mindrforbruk. Rapporten som vart lagt fram var informativ.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok det vedlagte byggerekneskapen for Seim skule til etterretning.

**25/14 Kommunestyret sitt vedtak – rammebudsjettering investering**

**Vedtak i Kommunestyret - 17.10.2013**

Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for investeringsbudsjettet i samband med økonomiplanen, bevilgning og styring av kommunens investeringar:

1. Investeringsbudsjettet skal delast inn i følgjande struktur:
  - a. Skule (tenesteområde 3)
  - b. Barnehage (tenesteområde 5)
  - c. Pleie- og omsorg (tenesteområde 8)
  - d. Drift (tenesteområde 9)
  - e. Kyrkjeleg fellesråd
  - f. Kultur og idrett

Andre område som administrasjon og kultur kan og vera aktuelle. Budsjettet skal visa delsummer for kvart område.

2. Alle områda, med unnatak av område d, skal spesifiserast på enkeltprosjekt. Følgjande retningslinjer gjeld:
  - a. Ved utarbeiding av ny 4- årig økonomiplan skal estimata for alle prosjekt, som ikkje er endeleg godkjente/bevilga, oppdaterast og kvalitetssikrast, både når det gjeld samla prosjektkostnad og framdrift.
  - b. Pågåande prosjekt (prosjekt bevilga og under gjennomføring) skal i denne samanheng ikkje endrast når det gjeld ramme, men framdriftsprofil kan endrast ved behov
  - c. Ved bevilgning/igangsetjing av nye prosjekt som ligg i økonomiplanen, skal eventuelle overskridingar i høve til godkjent økonomiplan, medføra reduksjonar i prosjektomfang, eventuelt tilsvarande reduksjonar av andre investeringar. Dette kan skje ved at andre investeringar vert redusert i omfang, tekne ut av



planen eller utsett i tid. Rådmannen skal i sitt framlegg til vedtak koma med framlegg til kor dette kan gjerast, som så skal takast stilling til i det politiske vedtaket.

3. For område d, drift, skal det innførast rammebudsjettering, etter følgjande retningslinjer:

a. Følgjande struktur skal nyttast for rammebudsjettering:

- i. Vatn og avlaup
- ii. Veg
- iii. Brann
- iv. Andre tiltak

b. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføra alle tiltak innanfor gjevne rammer for desse områda. Rammene for budsjettåret (år 1 i økonomiplanen) kan ikkje overskridast.

4. Kommunestyret ber om at endringane i saka blir tatt inn i gjeldande økonomireglement i samband med det årlege budsjettvedtaket.

Administrasjon gikk gjennom kommunestyret sitt vedtak og korleis vedtaket vil bli følgt opp.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

**26/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

**27/14 Eventuelt**

Neste møte er 27. mai kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Brannstasjon
- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sakshandsaming innafor Byggesak
- Forslag til prosjektplan forvaltningsrevisjon - Tilskott og refusjonar
- Forslag til prosjektplan – selskapskontroll – Lindås Tomteselskap AS

Knarvik 06.05.2014

  
Øystein Reidar Moldeklev, leiar

  
Bent Gunnar Næss, sekretær